

## INTERPELLASJON

### HORDALAND FYLKESTING

15.10.2014

#### **Aktivitørutdanning for framtida**

Hordaland Fylkeskommune har eit breidt utval av VG2 tilbod i vidaregåande opplæring.

Fleire tilbod vert årleg lagde ned/ikkje igongsett fordi det er få søkjarar.

Ei opplæring det er fleire år sidan vart gjennomført er VG2-Aktivitør. Det er få unge som har denne utdanninga og gjennomsnittalderen hos aktivitørar i Hordaland er høg. Det er viktig å starte ny-rekruttering før avgongen vert for stor.

Aktivitør er ei yrkesgruppe som arbeider med målretta aktivitet til mange grupper: mellom barn og eldre i institusjonar og dagsenter, innan psykisk helsearbeid, mellom funksjonshemma, i fengsel, i skule, barnehagar og SFO. Det handlar ofte om verdighet og livskvalitet i kvardagen for den enkelte.

Forskning viser at aktivitet, både fysisk og mentalt betrar og held vedlike funksjonsevna. På den måten kan det og redusere bistandsbehov for enkeltmenneske.

Det er i gong arbeid med ny læreplan, planlagd ferdig til neste skuleår.

1. Kan Fylkesordføraren syte for at VG2 Aktivitør igjen vert eit tilbod i vidaregåande opplæring?
2. Er det mogeleg å gje tilbodet om VG2 frå skuleåret 2015/16? At informasjon kjem ut til aktuelle VG1 elevar i tide?

Løfallstrand 08.10.2014

Aslaug Hellesøy, KrF